

SAMARBEIDSAVTALE

Avtale om felleskontor for skatteinnkrevjing og kommunal innkrevjing mellom Radøy, Meland, Osterøy, Modalen og Lindås

1. Vertskommunesamarbeid

Felleskontoret vert oppretta som vertskommunesamarbeid utan nemnd etter Kommunelova §28b – og får namnet: **Kemneren i Lindås, Meland, Osterøy, Radøy og Modalen.**

Radøy, Osterøy, Meland, Modalen og Lindås er deltakarkommunar.
Lindås kommune er vertskommune.

Leiar for kontoret får tittel avdelingsleiar skatt (Kemner), som er ei lita justering av noverande organisering i kommunen.

2. Oppgåver og ansvarsmynde – lagt til samarbeidet

Det nye skatteoppkrevjarkontoret sine arbeidsoppgåver blir dei arbeidsoppgåvene som er pålagt den kommunale skatteoppkrevjaren i lov av 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkrevjing av skatt (skattebetalingslova), jfr. instruks for skatteoppkrevjar.

(skatteoppkrevjarinstruksen) av 8. januar 2009.

- innkrevjing av skatt og arbeidsgivaravgift
- føring av skatterekneskap
- arbeidsgivarkontroll

I tillegg skal kontoret ha ansvaret for tvangsinnkrevjing av kommunale krav m/legalpant, (krav som kan krevjast innbetalt som skatt):

Årsavgift og eingangsavgift vatn/avløp – lov av 31/5-74 nr. 17 § 4 (eingangsavgift vatn/avløp har ikkje legalpant)

Eigedomsskatt – lov av 6/6-75 nr. 29 §27

Feieavgift – lov av 14/6-02 nr 20 § 28

3. Tidspunkt for overføring av oppgåver og avgjerdsmynde

Formell oppstart av felles kemnerkontor blir frå 1. januar 2010. Då skal alle deltakande kommunar vere kopla saman i gjennom skatteprogrammet SOFIE og vere klar til oppstart i nytt kontor i Knarvik, samlokalisert i bygg med Skatt Vest.

Det vil vere ein del prosjektførebuingar i forkant av denne oppstarten, som dei involverte kommunane må engasjere seg i (både personalmessig og i samband med fysisk tilrettelegging).

Arbeidsgruppa ansvarleg for utarbeiding av grunnlagsmaterialet for samarbeidsprosjektet fortsett som støttegruppe i implementeringsfasen av prosjektet fram mot oppstart 1.1.10.

4. Organisering av det interkommunale kemnerkontoret

Det interkommunale kemnerkontoret vert organisert som ei eiga avdeling under Eining for stabstenester i Lindås kommune. Avdelingsleiaren av kemnerkontoret vert tilsett av rådmannen i Lindås kommune. Avdelingsleiaren (kemneren) for skattekontoret til vertskommunen Lindås vil gå inn som avdelingsleiar (kemner) for det interkommunale

kemnerkontoret og vil fungere som vertskommunen si prosjektleiar for å implementere prosjektet i forkant av formell oppstart 1.1.10.

Einingsleiar for stabstenestene (stabssjefen) vil vere næraste leiar for avdelingsleiar (på vegne av rådmannen). Avdelingsleiar vil vere arbeidsgjevarrepresentant ansvarleg for det faglege, personalmessige og det driftsøkonomiske ved felleskontoret.

5. Behandling av budsjett og rekneskap

Budsjett for første driftsår vert fastsett basert på dei berekningane arbeidsgruppa har lagt fram i forkant av politisk behandling av saka og som rådmenna vart eining om på rådmannsmøte på Folkehøgskulen 17.4.09. Prinsippa vert følgt, men det må justerast for at Masfjorden, Austrheim og Fedje vel å stå utfor samarbeidet i denne omgang.

Budsjettet skal omhandla hovudposter for løn, driftsutgifter, husleige og andre utgiftsposter som utgjer drifta til felleskontoret i eit lokale utanfor Lindås kommune sine faste administrasjonsbygg. I budsjettet for første driftsåret vert det sett av ein sum som skal dekkje etableringskostnader knytte til felleskontoret – også utgifter som gjeld tida før etableringa (IKT-tilrettelegging, programvare, kopimaskiner, telefoni, o.l.) Moglege øyremerka statlege skjønstilskot kjem til fråtrekk i desse kostnadene.

Budsjetta i dei komande åra vil verte basert på erfaringstal frå første driftsår. Målet er at kostnadane ved å administrere skatteoppkrevjing i deltakarkommunane ikkje skal verte høgare med eit slikt samarbeid. Sjølv sagt vil det vere noko auke i kostnadane som følgje av at kommunane må oppnå 5% arbeidsgjevarkontroll pr. år (krav frå skatteetaten), noko som ingen kommune har gjort fram til no.

Samarbeidskommunane skal bli orientert om rekneskapssituasjonen halvårleg. Vesentleg svikt i inntekter og/eller vesentleg auke av utgifter må bli meldt til samarbeidskommunane snarast råd.

6. Overføring av personell frå deltakarkommunane til vertskommunen

I prosjektet er det presentert prosessen for overføring av skattekyndig personell frå deltakarkommunane til vertskommunen. Lindås kommune står ansvarleg for å utarbeide arbeidsavtaler for dei aktuelle 4 personane som vert gitt tilbod om deltaking i samarbeidet. Dersom det ikkje vert inngått avtale med dei aktuelle personane, så er det deltakande kommune sitt ansvar å overføre tilsvarende økonomisk ressurs, slik at felles kemnerkontor kan rekruttere inn naudsynte personalressursar til å kunne tilby ein god teneste tilbake.

7. Einerett

Kemnerkontoret har einerett på å driva skatteinnkrevjing og kommunal innkrevjing for deltakarkommunane.

8. Informasjonsmåte

Rådmannen i Lindås kommune informerar rådmennene i dei respektive deltakarkommunane om naudsynte saker. Dette kan skje i rådmannsmøta eller på annan måte.

9. Opptak av nye deltakarkommunar i samarbeidet

Etter søknad kan andre kommunar søke deltaking i det interkommunale kemnerkontoret. Alle deltakande kommunar må vere einige om opptak av nye deltakarar.

For å få delta, må nye deltakarar betale inn tilsvarende sum som dei andre deltakande kommunane har måtte leggje ned i oppretting av samarbeidet. Dei vil kunne delta på like vilkår.

10. Sal av tenester

Det interkommunale kemnerkontoret vil ha høve til å selje tenester til kommunar utanfor samarbeidet om ynskjeleg og om kapasitetsmessig mogeleg frå deltakarkommunane. Dette kan gjelde for eksempel arbeidsgjevarkontroll oppgåver. Pris for desse tenestene må reflektere reelle kostnader og ein innlagt sikkerhetsmargin for å dekkje eventuelle indirekte kostnader. Prisene vil vere marknadsbaserte for å sikre ein forsvarleg drift.

11. Regulering av det økonomiske oppgjeret

Fordeling av økonomiske ressursar som skal bli tilført det interkommunale kemnerkontoret frå kommunane blir berekna etter 3 prinsipp: fast årleg deltakaravgift, tenestebaserte utgifter (for eksempel eigedomsskatt på hus/hytte, som berre 3 av kommunane har innført) og capita fordelte netto driftsutgifter.

Fast årleg deltakaravgift ved tidspunktet for avtaleinngåing: kr. 100.000 pr. kommune. Beløpet blir å regulere etter konsumprisindeksen – med verknad frå den månad samarbeidsavtalen gjeld frå (sett til 100). Første gongs regulering: eitt år etter avtaleinngåing.

Tenestebasert utgiftsdekning for dei som har eigedomsskatt på hus/hytte. Her er det førebels berekna 0,5 stilling til dette arbeidet fordelt på dei 3 kommunane med denne skattetypen. Alle kostnader med dette dekkast av desse 3 kommunane fordelt etter capita.

Den resterande nettoutgift (etter frådrag av eventuelle inntekter frå sal av teneste, etc.) for skattekontoret blir fordelt etter capita.

Samarbeidskommunane betalar a-konto kvart kvartal til Lindås kommune som vertskommune – første gong 31.03.10 – etter budsjettert beløp. Endeleg oppgjer basert på rekneskapsavslutning for kvart år.

Kemnerkontoret er ansvarleg for drifta innanfor dei vedtekne budsjetterammene. Vertskommunen er likevel friteken for eit særlig økonomisk ansvar for drifta, så lenge denne er gjennomført i samsvar med dei mål og planar deltakarkommunane har slutta seg til. Det vert eit solidarisk økonomisk ansvar mellom kommunane for kemnerkontoret.

12. Avvikling av samarbeidet

Det er lagt ned betydeleg innsats i å få til eit samarbeid om felles interkommunalt kemnerkontor. Det vil vere utstyrs- og inventarinvesteringar, skatteprogrammet SOFIE må samkøyrast, det vert inngått arbeidsavtaler med tilsette frå samarbeidskommunane hos vertskommunen (overføring av skattekyndige tilsette) og det er inngått leieavtale på 5 år med utleier av bygget der Skatt Vest har lokalar i dag. Dette betyr at det er viktig med stabilitet og forutsigbarhet i dette samarbeidet i dei første åra.

Denne avtala kan endrast ved behov når partane er samde om slik endring.

Avtala gjeld frå 1.1.10 og gjeld til ho vert oppsagt. Kvar av deltakarkommunane kan seie opp avtala om deltaking i samarbeidet med to års varsel. Deltakarkommunen vil då gå ut av samarbeidet 1. januar etter at oppseiingstida er omme.

Deltakarkommunane kan likevel ikkje gå ut av samarbeidet dei fire første åra etter etablering av felleskontoret.

Deltakarkommunane har solidarisk ansvar for sin relative del av dei tilsette ved avvikling av samarbeidet.

13. Ved eventuell overføring av den kommunale skattefunksjonen til statleg drift

Det har over fleire år vore arbeid på nasjonalt nivå med planer for å overføre den kommunale skattefunksjonen til staten. Dette har vore nedstemt kvar gong, men saka kan dukke opp igjen i framtida.


Om skattefunksjonen vert statleggjort på ein slik måte at nokre kommunar kjem tapande ut av overgangen, så forpliktar dei samarbeidande kommunane seg til å finne solidariske løysingar for at ikkje alle kostnadane ved ein slik overgong fell på ein samarbeidsaktør. Ein løysar dette ilag gjennom dialog.

14. Andre forhold


Vesentlege avvik i forhold til vilkår som er sett i samarbeidsavtalen blir å orientere samarbeidskommunane om snarast.

Denne avtal er godkjent med kommunestyrevedtak i dei einskilde deltakarkommunar


Isdalstø, den 27.08.09




Rådmann Radøy



Rådmann Meland



Rådmann Osterøy



Rådmann Modalen



Rådmann Lindås